



Sunnfjord
kommune



Retningslinje

for vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg i
Sunnfjord kommune 2025-2028



Innhald

1	Innleiing	3
2	Regelverk og rettleiarar	3
2.1	Opplæringslova	3
2.2	Ansvar	4
2.3	Tolking av regelverket	4
3	Kriterium for vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg	6
3.1	Objektive forhold	6
3.2	Subjektive forhold	8
4	Trafikkopplæring	10
5	Søknad om skuleskyss	10
6	Matrise	11
7	Definerte strekningar	13
8	Omgrepsliste	17
9	Kjelder	18



1 Innleiing

Dette dokumentet gir retningslinjer for korleis Sunnfjord kommune skal vurdere særleg farlege og vanskelege skuleveggar i Sunnfjord kommune, jf. opplæringslova § 4-1, andre ledd:

Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Føremålet med retningslinjene her er å definere felles og like kriterium for vurdering av særleg farlege skuleveggar i alle skulekrinsane i Sunnfjord kommune.

Dokumentet vil gjere greie for regelverket, og kva som står i rettleiarar frå sentrale aktørar. Deretter står det kva vi tek omsyn til når vi vurderer om sin skuleveg er særleg farleg eller vanskeleg. Til slutt blir det presentert ei matrise med vurderingar på kva objektive føresetnader som definerer farleg eller vanskeleg skuleveg og ei liste med vurderte vegstrekningar.

2 Regelverk og rettleiarar

2.1 Opplæringslova

Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) kapittel 4 omhandlar skuleskyss. I § 4-1 står det:

«Elevar på 1. trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn to kilometer frå skolen. Elevar på 2. til 10. trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn fire kilometer frå skolen.

Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Elevar som treng båttransport, har rett til slik transport gratis.

Elevar som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis skyss til og frå skolen og skolefritidsordninga. Retten til skyss til og frå skolefritidsordninga gjeld ikkje i skoleferiane.

Elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss.»

I § 4-2 står det:

«Elevar som får skyss til og frå skolen eller skolefritidsordninga, har rett til reisefølgje og tilsyn i ventetida før og etter opplæringa eller skolefritidsordninga dersom dei treng det.»

2.2 Ansvar

Hovudregelen er at fylkeskommunen er ansvarleg for skyssen, dvs. ruteansvarleg. Fylkeskommunen er såleis ansvarleg for all skyss på grunn av lang skuleveg, funksjonshemming og mellombels skade eller sjukdom. Kommunane skal betale refusjon etter persontakst.

Kommunen har ansvaret for skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulen som ikkje har rett på skyss etter avstand. Kommunen er også ansvarleg for reisefølgje og tilsyn for grunnskuleelevar.

Lova gir skuleeigar klare reglar for kva avstandar som kvalifiserer til skuleskyss, og at skyssen skal vere gratis. Skuleskyss er likevel berre ein av fleire faktorar som påverkar tryggleiken til elevane langs skulevegen.

Korleis trafikantar opptre vil i stor grad vere medverkande for å skape trygge forhold for dei som må gå langs vegen. Her er både vaksne i bil og borna sjølve aktørar. Mykje kan gjerast for å påverke begge partar i ynskt retning, men vi nøyer oss her med å påpeike det ansvaret som læreplanverket legg på både skule og føresette.

Ansvaret ligg i å utvikle elevane sine evner til å meistre livet på generell basis, og å kunne ferdast trygt langs trafikkert veg. Her har både skule og føresette ansvar, men hovudansvaret ligg hos føresette. Jf. Overordnet del av læreplanverket, pkt. 3.3.

«Foreldrene og foresatte har hovedansvaret for barnets oppdragelse og utvikling.»

Skulen har på si side eit ansvar for å lære eleven trafikkreglar for både gåande og syklande. På 7. steget skal skulen også lære elevane om handtering av sykkel i praksis. Det er viktig at elevane får opplæring både på generelt grunnlag, men også korleis dei skal ferdast langs konkrete strekkingar der dei ferdast dagleg til og frå skulen.

Totalen av dette vil ha innverknad på den enkelte sin føresetnad for å ferdast i trafikken, og slik redusere risiko for uhell.

2.3 Tolking av regelverket

2.3.1 Udir

I opplæringslova står det at elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Dagens vegnormalar er utarbeidde for å skilje mellom sikker og farleg veg. Det er ikkje utarbeidd nasjonale normalar for å skilje ut *særleg farleg skuleveg*.

Utdanningsdirektoratet har i rundskriv 3-2009 i kapittel 12 prøvd å nærme seg ein definisjon av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg på følgjande måte:

«Elevar som ferdast i trafikken vil alltid vere utsett for ein viss fare. Dette er likevel ikkje nok til å få gratis skyss ettersom det må vere tale om ein «særleg risiko». Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal kunne karakteriserast som «særleg farleg eller vanskeleg» skuleveg for den einskilde elev.»

For å kunne vurdere om vegen er «særleg farleg eller vanskeleg», må alle relevante forhold ved vegen kartleggast. Dette kan vere trafikkettleik, vegdekke, vegbreidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulukkesstatistikk.

Ein må også vere merksam på at trafikktilhøva kan endre seg gjennom årstidene, t.d. lys/sikt, føre og brøyting.

Deretter må det gjerast ei vurdering av om den enkelte elev har føresetnad for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbildet. Ved den individuelle vurderinga må det takast omsyn til alder, utvikling, syn og høyrsel.

2.3.2 Trygg trafikk

Trygg Trafikk har utarbeidd ein rettleiar til foreldre og saksbehandlarar om særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Sjølv om denne ikkje seier så mykje om dei fysiske grensegangane ved ein veg, seier rettleiaren ein del om tilhøve og faktorar som bør vurderast. Rettleiaren tilrår at ein i arbeidet med særleg farleg skuleveg m.a. vurderer følgjande tilhøve/faktorar ved vegen:

- Fartsnivå
- Trafikkmengd
- Tilrettelegging for fotgjengarar
- Vegbreidde og vegskulder
- Sikt og sikthinder
- Vegkryss
- Inn- og utkøyringar
- Kryssing av veg
- Gangfelt

2.3.3 Grensegangar:

Statens vegvesen og kommunane har normalar som skil mellom sikker og farleg veg.

Det er alltid utfordrande å finne grensa mellom farleg og særleg farleg veg.

På bakgrunn av generell kunnskap om og erfaringar med sikring av veg, kunnskap om ulukkessamanhengar, lokale tilhøve, lokale trafikkmønster, tidlegare saksbehandling av særleg farleg skuleveg i Sunnfjord kommune, synfaringar, kognitiv og motoriske utvikling hos barn, og mål i Kunnskapsløftet, har kommunen landa på ein lokal standard for skilje mellom farleg og særleg farleg skuleveg

3 Kriterium for vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

3.1 Objektive forhold

Når ein skal vurdere om ein skuleveg er særleg farleg eller vanskeleg, tar vi omsyn til fleire objektive faktorar:

Trafikkmengd og -type:

- Vurdering av mengda køyretøy som passerer, inkludert tunge køyretøy som lastebilar og bussar. Høg trafikkmengd og tungtrafikk aukar risikoen for ulukker. Kjelda vi nyttar her kan vere Statens Vegvesen sine teljingar og skjønsmessige vurderingar, samt egne teljingar.

Fartsnivå:

- Vurdering av fartsgrensa og reell fart på vegen. Høg fart gir kortare reaksjonstid for både førarar og barn, og auka risiko for alvorlege ulukker. Her kan det vere aktuelt å hente inn informasjon frå politiet.

Vegens utforming:

- Breidde: Smale vegar kan gjere det vanskelegare for både køyretøy og fotgjengarar å manøvrere trygt.
- Gangbart sideareal: Areal som gir plass til ein gåande utanfor vegbana. Dette arealet kan bli avgrensa av autovern, fjellknausar, straumgjerde og anna.
- Sikt: Uoversiktlege område, som blinde svingar og bakketoppar, aukar risikoen for ulukker.
- Kryss: Kryss med høg trafikk og manglande trafikkregulering kan vere særleg farlege.

Infrastruktur:

- Manglande eller utilstrekkeleg gang- og sykkelveg, manglande gatelys, og få eller ingen fotgjengarovergangar gjer vegen mindre trygg for barn.
- Kryssing av bruer.

Miljøfaktorar:

- Tett vegetasjon, bratte skråningar, eller nærleik til vatn utan sikring kan gjere vegen farlegare.

Tidlegare ulukker:

- Statistikk over tidlegare ulukker på vegen kan indikere at det finst farlege punkt eller strekningar som treng ekstra merksemd.

Vêr- og føreforhold:

- Vegar som ofte er isete, glatt eller har overvatn kan vere farlege, spesielt i kombinasjon med dei andre faktorane.

Alternativ skuleveg:

- Vurdere om det finst tryggare alternativ, eller om tiltak som skuleskyss kan vere nødvendige.

Lysforhold:

- Skulevegen kan bli vurdert som særleg farleg vinterhalvåret då mørket vil forverre tryggleiken på skulevegen betydeleg.

Samla gir desse faktorane ein heilskapleg vurdering av tryggleiken på ein skuleveg, og kan danne grunnlag for å bestemme om skulevegen skal klassifiserast som særleg farleg eller vanskeleg.

Av verktøy til å gjere vurderingar av dei objektive momenta for særleg farleg skuleveg, har vi teke utgangspunkt i ei detaljert matrise for å definere faremomenta.

Matrisa tek omsyn til fartsgrense og vegstandard med breidde, veglys/lystilhøve, årstdøgntrafikk (ÅDT), kryssing under ulike forhold, stoppsikt og ulike anlegg for mjuke trafikantar.

Matrisa tek også omsyn til eleven si kognitive og motoriske utvikling, mål i Kunnskapsløftet og forventa trafikkopplæring i heim og skule. I alle tilfella er det føresett «normal» trafikkåtferd.

Kommunale vegar med fartsgrense under 50 km/t er vurderte til å falle utanfor kategorien særleg farleg og vanskeleg skuleveg.

Matrisa følger som eige kapittel.

3.2 Subjektive forhold

Trygg Trafikk omtalar i rettleiar sin korleis den kognitive og motoriske utviklinga hos barn har innverknad på føresetnaden deira for å ferdast trygt i trafikken. Det er skilnad på vurderinga gjort av ein 6-åring, ein 10-åring og ein 15-åring på same skuleveg. Det kan også vere store individuelle skilnader mellom barn på same alder. Dette tek ikkje retningslinene direkte omsyn til, og må vurderast individuelt i den subjektive delen i kvart enkelt tilfelle.

Slik skildrar Trygg Trafikk elevar på dei ulike stega:

1. trinn	Barna er som regel i trafikken saman med vaksne og har derfor lite erfaring som sjølvstendige trafikkantar. Dei er låge og har eit anna synsfelt enn vaksne, noko som gjer det vanskeleg for dei å sjå over hekker og brøytekanter, og for andre trafikkantar å oppdage dei. Motorikken er ikkje ferdig utvikla, og barna kan ha problem med å stoppe brått dersom det kjem ein bil. Dei yngste er ofte leikne, impulsive og følgjer reglar ukritisk, utan å forstå konsekvensane av handlingane sine. Dei trur at det dei ser, ser også alle andre.
2. og 3. trinn	Barna får gradvis meir trafikkerfaring. Dei får betre kroppskontroll, men er framleis impulsive og leikne. Bevegelsane deira blir meir automatiserte, noko som gjer at dei kan konsentrere seg betre om trafikken rundt seg. Dei fleste er nysgjerrige og energiske. Konsentrasjonen blir betre, men dei kan framleis vere ukonsentrerte, spesielt saman med andre barn. Dei tenkjer framleis konkret og ser verda ut frå seg sjølve. For eksempel, når dei ser ein bil, trur dei at bilføraren også ser dei.
4. og 5. trinn	Elevar på dette nivået begynner å få erfaring som sjølvstendige trafikkantar. Dei fleste har god motorikk og kroppskontroll. Dei kan tolke og dra nytte av det dei ser og høyrer i trafikken, men kan stå fram som meir erfarne og modne enn dei eigentleg er. Elevar er ikkje lenger like opptekne av å følgje reglar slavisk og stiller oftare spørsmål til reglar og rutinar. Kva jamaldrande meiner blir etter kvart viktigare, ikkje berre kva dei vaksne seier.
6. og 7. trinn	Dei siste åra på barneskulen har elevane mykje trafikkerfaring og begynner å kunne overføre erfaringar frå éin situasjon til ein annan. Dei kan generalisere ut frå opplæring og erfaring og er ikkje lenger så avhengige av konkret rettleiing. Motorikken er godt utvikla, og dei kan utføre fleire kompliserte rørsler samtidig. Elevane kan i større grad føresjå situasjonar, til dømes forstå at bilar kan kome sjølv om dei ikkje ser dei. Dei forstår betre konsekvensar av handlingar, men har ofte for stor tru på eigne ferdigheiter.
8. til 10. trinn	Elevar på ungdomstrinnet er mykje i trafikken på eiga hand. Dei kan bedømme fart og avstand, og konsentrere seg om det vesentlege i trafikken. Likevel tenkjer dei ofte kortsiktig, og det er viktig for dei å bli akseptert av jamaldrande. Dette kan føre til at dei vel åtfærd som gir status, som å droppe sykkelhjelm, heller enn det som er tryggast. Mange testar grenser, og sjølv om dei ofte er i opposisjon til foreldra, har foreldra likevel stor påverknad på deira åtfærd.

Når ein skal vurdere om ein skuleveg er særleg farleg eller vanskeleg, bør ein vurdere følgande faktorar knytt til eleven:

Alder og modningsnivå:

- Yngre elevar har ofte dårlegare evne til å forstå komplekse trafikkforhold, er mindre erfarne, og har svakare trafikkforståing.

Motoriske ferdigheiter:

- Eleven si evne til å bevege seg sikkert, som balanse, reaksjonsevne, og evne til å stoppe raskt.

Konsentrasjon og merksemd:

- Evne til å halde fokus i trafikken, spesielt over lengre strekningar, og ikkje bli distraherert av andre barn eller omgjevnader.

Impulsivitet:

- Grad av impulsivitet kan påverke korleis eleven reagerer i trafikken. Impulsive barn kan handle utan å tenkje seg om.

Trafikkopplæring:

- Kor mykje trafikkopplæring eleven har fått, og i kva grad dei klarer å overføre teori til praksis i reelle trafikkmiljø.

Erfaring som sjølvstendig trafikkant:

- Kor mykje erfaring eleven har med å ferdes åleine i trafikken, noko som aukar tryggleiken ved å kunne føresjå situasjonar.

Psykososiale faktorar:

- Faktorar som angst for trafikken, låg sjølvtilit, eller påverknad frå venner kan gjere skulevegen meir utfordrande for enkelte elevar.

Regelforståing:

- Evne til å forstå og følgje trafikkreglar, samt korleis eleven tolkar andre trafikkantar sine handlingar.

Desse subjektive forholda må vurderast i samanheng med dei objektive forholda for å sikre ei heilskapleg vurdering av skulevegen si tryggleik.

4 Trafikkopplæring

Etter kompetansemåla om trafikk i læreplanverket for grunnskulen, skal elevane kunne:

- øve på trygg ferdsel i trafikken (kroppsøving etter 2. trinn)
- forstå og følgje reglar i trafikken (kroppsøving etter 4. trinn)
- vurdere tryggleik i uteaktivitet og naturferdsel, og gjennomføre sjølvberging i vatn (kroppsøving etter 7. trinn)
- vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel (kroppsøving etter 10.trinn).

Kommunedirektøren føreset at desse kompetansemåla blir tekne inn i lokale læreplanar slik at elevane får grunnleggande dugleikar gjennom trafikkopplæringa.

Kompetansemåla omfattar trafikkreglar for fotgjengarar og sykkistar for dei lågaste årsstega. På ungdomssteget arbeider elevane med korleis ein kan hindre og minske skade ved uhell og ulukke. Trygg Trafikk har utarbeidd eit rettleingshefte til desse måla i kunnskapsløftet.

Foreldre og føresette har likevel hovudansvaret for trafikkopplæringa av eigne barn. Dei bør tidleg drive eigentrening på skulevegen. Verne- og tryggleiksutstyr som hjelm, refleksvest og synlege/reflekterande merke på kle, sko og skulesekk er gode førebyggjande tiltak.

Dei kommunale retningslinene føreset at elevane har fått denne opplæringa frå skule og heim, og at dei har evne og dugleik i samsvar med måla i læreplanverket.

5 Søknad om skuleskyss

Søknad om gratis skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg skal sendast til Sunnfjord kommune. Det er utvikla eit digitalt skjema på kommunen si nettside, som gjer denne søknadsprosessen enklare og tryggare for søkar.

Kommunen behandlar søknaden etter retningslinene her, *Retningslinjer for vurdering av særleg farleg skuleveg i Sunnfjord kommune 2025-28*.

Alle elevar som ikkje har rett på skyss etter avstand på 2 km (1. årssteg) eller 4 km (2.-10. årssteg), og som er omfatta av farleg skuleveg, kan søkje om gratis skyss. Søknaden må grunngjevast, og kommunen skal gjere enkeltvedtak etter objektive og subjektive vurderingar i kvart enkelt tilfelle.

Etter opplæringslova er det klagerett på enkeltvedtak i slike saker.

Vanleg klageprosedyre er:

- Klagefrist på tre veker frå vedtak/motteke vedtak
- Klage bør grunngjevast
- Part i saka har rett på innsyn i saksdokumenta
- Part i saka kan be om rettleiing til klageutforminga
- Vedtaksorganet (kommunen) skal behandle klagen
- Vedtaksorganet (kommunen) kan gjere om vedtaket/gje klagen medhald
- Vedtaksorganet (kommunen) kan halde fast på vedtaket. Saka går då vidare til Statsforvaltaren i Vestland for avgjerd.

6 Matrise

Fartsgrense	80 km/t			70 km/t			60 km/t			50 km/t		
Klassesteg	1.-4.	5.-7.	8.-10.	1.-4.	5.-7.	8.-10.	1.-4.	5.-7.	8.-10.	1.-4.	5.-7.	8.-10.
1. Veg utan gangbart sideareal og utan lys												
ÅDT 0 - 300												
ÅDT 301 - 500												
ÅDT 501 - 1500												
ÅDT 1501 - 3000												
ÅDT 3001 - 5000												
ÅDT 5001 -												
2. Veg utan gangbart sideareal, med lys												
ÅDT 0 - 300												
ÅDT 301 - 500												
ÅDT 501 - 1500												
ÅDT 1501 - 3000												
ÅDT 3001 - 5000												
ÅDT 5001 -												
3. Veg med gangbart sideareal, utan lys												
ÅDT 0 - 300												
ÅDT 301 - 500												
ÅDT 501 - 1500												
ÅDT 1501 - 3000												
ÅDT 3001 - 5000												
ÅDT 5001 -												

Fartsgrense	80 km/t			70 km/t			60 km/t			50 km/t		
Klassesteg	1.-4.	5.-7.	8.-10.	1.-4.	5.-7.	8.-10.	1.-4.	5.-7.	8.-10.	1.-4.	5.-7.	8.-10.
Veg med gangbart sideareal og lys												
ÅDT 0 - 300												
ÅDT 301 - 500												
ÅDT 501 - 1500												
ÅDT 1501 - 3000												
ÅDT 3001 - 5000												
ÅDT 5001 -												
Veg med anlegg for mjuke trafikantar												
Gang og sykkelveg												
Fortau												
Utvida vegskulder												
Kryssing av veg												
Fotgjengarfelt	Fotgjengarfelt aktuelt berre i 50-sone eller lågare, i 60-sone etter særskilt godkjenning											
Tilrettelagt kryssingspunkt												
Utan anlegg ÅDT under 300												
Utan anlegg ÅDT over 300												
Vegarbeid												
Alle typar vegarbeid												
Vertikal og horisontal kurvatur												
Stopsikt hovudveg	115 meter			90 meter			70 meter			55 meter		
Stopsikt samleveg	100 meter			78 meter			61 meter			48 meter		
Dobbelsidige hindringar som bruer og dobbelsidige rekkverk												

7 Definerte strekningar

Oversikt særleg farleg eller vanskeleg skuleveg								Vinterskyss: 15.10-15.03			
								Farge i matrise			
	ÅDT	Fart	Vegskulder	Lys	GSV	Gangfelt	Beskriving av skuleveg	1-4	5-7	8-10	Vurdering
Bygstad skule											
Bygstadvegen	600	60	Ikkje i krapp sving	Ja	Nei	Nei	Frå skulen og fram til Kvamsvegen				Skyss heile året for 1-4, vinterskyss for 5-7
Bygstadvegen	600	60	Delvis	Nei	Nei	Nei	Frå skulen mot Haugsbø. Alle elevar som bur frå "Jytten" og vidare.				Skuleskyss for alle elevar heile året
Sjøvegen	600	80					Forbi Tønna og ut mot Osen (alle som har veg gjennom Saltkjelen). Smalt utan gangbart sideareal.				Skuleskyss for alle elevar heile året
Laukelandsvegen	600	50		Ja			Frå svingen nedanfor hus nr. 19. og ut mot Laukeland.				Skuleskyss for alle elevar heile året
Laukelandsvegen	500	60	Ja	Ja	Nei	Nei	Mellom kvamsvegen og Bygstadhaugane (kort strekke på 100 m)				Skyss heile året for 1-4
Brekka		80	Delvis	Nei	Nei	Nei	Frå Kvamsvegen, via Laukelandsvegen og opp Brekka				Skyss heile året for 1-4, vinterskyss for 5-7

	ÅDT	Fart	Vegskulder	Lys	GSV	Gangfelt	Beskriving av skuleveg	1-4	5-7	8-10	Vurdering
Flatene skule											
Førdefjordvegen	1200	80		Nei	Nei	Nei	Ingen skuleveg i dag. Førdefjordvegen nord for Kvernbergtunellen				Skuleskyss for alle elevar heile året
Førde barneskule											
Naustdalsvegen	4400	70	Ja	Ja	Nei	Nei	Frå Krysset til Hornnesvegen og ut mot Naustdal (Hornnes)				Skuleskyss for alle elevar heile året
Halbrend skule											
Førdefjordvegen	1200	80		Nei	Nei	Nei	Ingen skuleveg i dag. Førdefjordvegen nord for Kvernbergtunellen				Skuleskyss for alle elevar heile året
Holsen skule											
FV613 Holsavegen mot Moskog	600	80	Ja	Nei	Nei	Nei	Frå kryss opp til Fletene og vidare mot Moskog				Skuleskyss for alle elevar heile året
FV613 mot Rørvika	350	80	Nei	Nei	Nei	Nei	Frå 80 sona og vidare austover				Skuleskyss for alle elevar heile året

	ÅDT	Fart	Vegskulder	Lys	GSV	Gangfelt	Beskriving av skuleveg	1-4	5-7	8-10	Vurdering
Naustdal skule											
Naustedalen	1400	70	Ja	Nei	Nei	Nei	Frå RV5 og innover Naustedalen				Skyss heile året for 1-4, vinterskyss for 5-7.
Fjordavegen	450	60	Nei	Nei	Nei	Nei	Veg utan gangbart sideareal, utan lys frå Liabøen og fram til feltet ved Sæla				Skyss heile året for 1-4, vinterskyss for 5-7.
Sande skule											
Viksdalsvegen	500	50/80	Ja	Ja	Nei	Nei	Frå skulen, viksdalsvegen mot Viksdalen fram til Selstadbrua				Skyss heile året for 1-4, vinterskyss for 5-7.
Viksdalsvegen	500	80	Nei	Nei	Nei	Nei	Frå Selstadbrua mot Viksdalen. Svingar med dårleg sikt utan gangbart sideareal.				Skyss heile året for alle elevar.
Skei skule											
E39	2600	60	Ja	Nei	Nei	Nei	Frå Jølstravegen 3358 mot Klakegg				Skyss heile året for 1-7.
Slåtten skule											
FV481 mot Angedalen	800	60		Nei	Nei		Etter avkjørska til Skora. Enkelte parti utan gangbart sideareal, skilta skuleveg.				Skyss heile året for 1-4, vinterskyss for 5-7.

	ÅDT	Fart	Vegskulder	Lys	GSV	Gangfelt	Beskriving av skuleveg	1-4	5-7	8-10	Vurdering
Sunde skule											
E39 mot Movika	5200	70	Delvis		Nei	Nei	Frå vegkrysset opp til Oppheim og vidare mot Jølster				Skuleskyss for alle elevar
Sundsdaalen	300	60	Nei	Nei	Nei	Nei	Frå Resbakken og vidare oppover dalen. Krappe svingar med manglande gangbart sideareal, dårleg sikt og smal vegbane.				Vinterskyss for 1-7.
Vassenden											
E39				Ja	Nei	Nei	Jølstraholmen Camping/ Jølstravegen 701 - 751 (oddetal).				Skuleskyss for 1-4. Vinterskyss 5.-7.
Nikolai Astrups veg	350	80	Ja	Nei	Nei	Nei	Frå 80-sone og vidare austover				Skuleskyss for alle elevar heile året
E39	3326	80	Ja	Ja	Nei	Nei	Nordover frå 80-sona				Skuleskyss for alle elevar heile året
Viksdalen skule											
Roska	100	60/80					Frå skulen, og utover mot Roska - Etter avkøyring til Hatlestad.				Skuleskyss for 1-4.
Gaularfjellsvegen	350	50/80			Nei	Nei	Frå skulen og ut til Eldalsosen				Skuleskyss for alle elevar heile året
Gaularfjellsvegen	350	80	Ja	Delvis	Nei	Nei	Mot Rørvika frå 80-sona				Skyss heile året for 1-4. Vinterskyss for 5-7.

8 Omgrepstliste

Skuleveg: Den minst farlege strekninga mellom heim og skule. Skulevegen er definert langs brøyta veg og gang- og sykkelveg. Det utløyser ikkje gratis skuleskyss om eleven vel å nytte alternativ veg til og frå skulen. Skuleskyss som involverer båt og kai er ikkje vurdert.

Sikker veg: Ein veg der alle trafikantar kan ferdast trygt så lenge dei følgjer gjeldande normer og reglar.

Farleg veg: Når (dårleg) vegstandard aukar risikoen for ulukker sjølv om normer og reglar blir følgde. Tilhøva krev at trafikantane gjer noko ekstra for å sikre seg sjølve og andre.

Særleg farleg skuleveg: Elevane har ikkje nødvendige fysiske eller kognitive evner til å ferdast trygt på vegen. Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 3-2009 nyttar omgrepet «særleg farleg og vanskeleg skuleveg». «Vanskeleg skuleveg» er i dette dokumentet fanga opp gjennom vurderingane våre av elevane sine kognitive evner i eit utfordrande trafikkbilde. Vi vil difor ikkje omtale dette i det vidare arbeidet.

Gangbart sideareal: Med gangbart sideareal definerer vi i denne tabellen eit gangbart område på begge sider av vegen som er minimum 0,5 meter utanfor asfaltkant utan hindring. På grusveg er køyrebane kant definert ut frå køyremønster. Med gangbart sideareal meiner vi eit areal der gåande kan ferdast utan at det er særleg farleg eller vanskeleg. Det er ikkje føresett at all trafikk av mjuke trafikantar skal skje i dette arealet, men at mjuke trafikantar skal kunne trekke ut i dette arealet. Unntak frå dette er korte strekningar med dobbeltsidige hindringar som må vurderast separat.

Trygg: Graden av tryggleik/kjensle av tryggleik (subjektiv tryggleik) er trafikantane sine kjensler eller opplevevingar av tryggleik, med andre ord korleis personar opplever risikoen for ulukker. Referansar: Trafikksikkerhetskåndboka. TØI

Sikker: Tryggleik kan definerast som ein tilstand; fråvær av uynskte hendingar, farar og frykt. Denne tilstanden er likevel ikkje statisk, men blir påverka av endringar i uynskte faktorar.

Årsdøgntrafikk (ÅDT): Samla tal køyretøy som passerer eit snitt på ein veg i løpet av eit år, dividert med 365. Referansar: Statens vegvesen sin normal N100.

Stoppstakt: Nødvendig sikt lengde fram til eit objekt for at bilfører skal kunne oppdage objektet, reagere, vurdere om han/ho skal bremse og bremse køyretøyet til stopp. Referansar: Statens vegvesen sin normal N100.

Horisontalkurvatur: Veglina si lineføring i horisontalplanet. Referansar: Statens vegvesen sin normal N100.

Vertikal kurvatur: Dei geometriske elementa til veglina i vertikalplanet. Referansar: Statens vegvesen sin normal N100.

Tilrettelagt kryssingspunkt (ikkje gangfelt): Tiltak kan vere siktutbetring, forsterka lyssetting, trafikkøy, innsnevring, ledegjerde, rumlestriper. Referansar: V127 Gangfeltkriterier.

9 Kjelder

Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 2-2019; regelverktolking:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleskyss/udir-2-2019-retten-til-skyss1/2.-nar-har-eleven-rett-pa-skoleskyss/2.2-sarlig-farlig-eller-vanskelig-skolevei/#>

Trygg Trafikk sin rettleiar; Særlig farlig eller vanskelig skolevei:

https://www.tryggtrafikk.no/wp-content/uploads/2017/10/Farlig_skolevei_veileder.pdf

Statens vegvesen:

<https://www.vegvesen.no/fag/teknologi/nasjonalt-vegdatatank/>

Opplæringslova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30>